


**STEINKJER KOMMUNE**  
Rådmannen  
Avdeling for kultur



Kultur- og Kirkedepartementet  
Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

Vår ref:  
04/751-4150/04/ ELSA

Arkiv  
L32

Deres ref:

Dato:  
10.03.2004

## **Forslag om endring av lov om stadnamn - Høring**

Vedlagt oversendes høringsuttalelse fra Steinkjer kommune

Med hilsen



Ellen Samuelsen  
avdelingsleder

**STEINKJER KOMMUNE****Delegert Møtebok**KU-avd.  
Saksnr 04 / 363 doknr. 26  
Vedlegg nr. 1 av 1**Saksgang**

Utvalg	Godkjentdato	Utvalgssaksnr
Delegerte saker for Hovedutvalg oppvekst og kultur	08.03.2004	04/20

Arkivsaksnr: 04/751

Klassering: L32

Saksbehandler: Ellen Samuelsen

**FORSLAG OM ENDRING AV LOV OM STADNAMN - HØRING****Trykte vedlegg:**

Stadnamnlova med endringsforslag.

**Utrykte vedlegg:**

Høring- forslag om endring av lov om stadnamn

**Vedtak:**

Steinkjer kommune støtter intensjonen om forenkling av saksgangen ved fastsetting av skrivemåte for stadnamn, og har ingen merknader til de foreslåtte lovendringene.

Hans Brattås

Rådmann

**Begrunnelse:**

Høring – forslag om endring av lov om stadnamn - ble registrert mottatt 17 februar 2004 med høringsfrist 22 mars 2004. Høringsutkastet behandles derfor administrativt, og legges fram for hovedutvalget som delegert sak.

Lov av 18 mai 1990 om stadnamn trådte i kraft 1 juli 1991. Etter nesten 10 år ble det gjennomført en evaluering av hvordan regelverket hadde fungert i perioden på bakgrunn av en spørreundersøkelse i 1997. Evalueringsrapporten foreslo en rekke endringer og forenklinger i regelverket. Stadnamnlova har til nå ikke hatt formålsparagraf som slår fast lovens intensjon eller saklige virkeområdet. Departementet foreslår at formål og virkeområde tas inn i lovens §1.

Endringsforslagene i §2 har til hensikt å klargjøre begreper som benyttes i loven ut over begrepene "stadnamn" og "bruksnamn".

Loven har heller ikke inneholdt regler om navnevern. Departementet er usikker på om dette i praksis utgjør noen trussel mot stedsnavn som kulturminner, eller på annen måte utgjør et problem av noe omfang. Etter ønske fra fagmiljøene er allikevel slike regler tatt inn i §3.

Når det gjelder saksgang ved fastsetting av skrivemåte, peker flere, både kommunene, Statens kartverk og navnekonsulenttjenesten på at saksbehandlingen er for tidkrevende og ikke står i samsvar med de ressursene som brukes, og departementet foreslår forenklinger av framgangsmåten i §5, mens ny §6 omhandler endringer i uttalerett i saksbehandlingen. I ny §7 beskrives regler for gjenopptaking.

Når det gjelder bruk av stedsnavn omtalt i dagens §3, foreslår i §9 regler som slår fast at offentlige organ skal bruke den skrivemåten som er fastsatt av lova og ført inn i stadnamnregisteret ved navnsetting av egne tiltak. Særskilte regler om bruksnamn som nå omtales i §5 får ny §8 hvor det foreslås at *eigar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk*, med noen spesikke forbehold.

Vedlegg:

## **FORSLAG TIL ENDRINGER I STADNAMNLOVA.**

Endringsforslag står i kursiv.

### *§ 1 Formål og virkeområde*

*Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne og medverke til at namna skal utgjere eit einskapleg namneverk.*

*Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller skrivemåten av dei, eller bruke dei i tenesta. Lova gjeld også bruk av stadnamn i selskap som det offentlege eig fullt ut og i lærebøker som skal brukast i skolen.*

*Lova gjeld ikkje for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda, den norske kontinentalsokkelen og Noregs økonomiske sone.*

### *§ 2 Definisjonar*

*I denne lova tyder*

- a. *stadnamn, namn på geografiske lokalitetar.*
- b. *gardsnamn, det same som matrikelnamn; namnet på heile det området som eitt eller fleire bruksnummer er knytte til.*
- c. *bruksnamn, namn på eigedom med eige bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer.*
- d. *nedervde stadnamn, stadnamn som munnleg eller skriftleg er overleverte frå tidlegare generasjonar.*
- e. *lokal talemålsform, den uttaleforma som er i allmenn bruk av folk som er busette på staden.*
- f. *namneobjekt, staden, punktet, linja, området, anlegget osv. som har eller får namn.*
- g. *gjeldande rettskrivingsprinsipp, allmenne reglar for korleis lydar og lydkombinasjonar skal givast att i skrift.*
- h. *gjeldande rettskriving, den rettskrivinga som til kvar tid gjeld og som ein finn i godkjende ordlister.*

### *§ 3. Namnevern og namnsetjing*

*Eit stadnamn kan som hovudregel ikkje takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime når det*

- a. *er i bruk som slektsnamn og høyrer til dei mindre vanlege, eller*
- b. *på annan måte er eit særlege namn, eller kan forvekslast med det, eller*
- c. *av andre grunnar bør vernast*

*Eit nedervd stadnamn kan ikkje bytast ut med eit namn utan tradisjon på staden dersom ikkje særlege grunnar talar for det.*

### *§ 4 Reglar om skrivemåten*

*Dersom ikkje anna er fastsatt i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten takast utgangspunkt i den lokale talemålsforma av namnet. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. For kvenske stadnamn skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i finsk.*

*Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane. To eller fleire skriftformer av same namn på same namneobjekt kan unntaksvis fastsetjast som sidestilte dersom eit eller fleire av desse vilkåra er oppfylte:*

- a. *det finst fleire uttalevariantar av namnet fordi lokaliteten har stor geografisk utbreiing, eller ligg i eit dialektalt eller administrativt grenseområde*
- b. *to skriftformer av namnet er vel innarbeidde*
- c. *det er sterk lokal interesse for to eller fleire av formene*

### *§ 5. Fastsetjing av skrivemåten*

*Saker om skrivemåten av stadnamn kan takast opp av:*

- a. *Offentleg organ og andre som er nemnde i § 9 første ledd, første punktum.*
- b. *Eigar eller festar når bruksnamnet kjem inn under § 8 andre ledd.*
- c. *Lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn.*
- d. *Namnekonsulentane når det gjeld stadnamn i deira område.*

*Kommunen gjer vedtak om skrivemåten av namn på tettstader, grender, bydelar, kommunale gater, vegar, torg, bustadfelt, anlegg o.l. Kommunen gjer også vedtak om skrivemåten av alle namn som skal brukast som offisiell adresse etter § 4-1 i delingslova, med unntak av bruksnamn. Elles gjer fylkeskommunen, vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale vegar, anlegg o.l. Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av andre stadnamn dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift.*

Er det tvil om kven som etter desse reglane skal fastsetje skrivemåten av eit stadnamn, kan spørsmålet leggjast fram for departementet til avgjerd.

§ 6. Nærmare om saksbehandlinga (nå § 7)

*Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg. Eigiar eller festar har rett til å uttale seg i saker som gjeld bruksnamn, og deira synspunkt skal tilleggjast særskilt vekt. Kommunane har rett til uttale seg når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til. Før vedtak om skrivemåte blir gjort, skal namnekonsulentane gi tilråding om skrivemåten.*

*Eigiar eller festar skal få saka tilsend direkte. I tillegg skal saka kunngjerast i minst 2 aviser som er alminneleg lesne på staden, eller gjerast kjend på annan høveleg måte.*

Med mindre anna er fastsett i lov eller i medhald av lov, gjeld reglane i forvaltningslova kapittel IV, V og VII ikkje for saker etter stadnamnlova.

§ 7 Gjenopptaking (ny)

*Dersom det kjem inn nye opplysningar i saka, kan saka takast opp på nytt av ein av dei som er nemnt i § 5, bokstav a - d. Nytt vedtak skal gjerast etter reglane i denne lova.*

§ 8. Særskilde reglar om bruksnamn (nå § 5)

*Eigiar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk. Eigiar eller festar har likevel ikkje rett til å endre eller byte ut bruksnamn som kjem inn under andre ledd, dersom ikkje særlege grunnar taler for det.*

Skrivemåten av bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglane i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal fastsetjast etter reglane i §§ 4 og 5.

*For andre bruksnamn fastset eigiar eller festar skrivemåten.*

§ 9. Bruk av stadnamn (nå § 3)

Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal skrivemåten av eige tiltak brukast av alle organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut. Det same gjeld for skriving av namn i lærebøker som skal brukast i skolen.

Samiske og kvenske stadnamn som blir nytta blant folk som bur fast på staden, skal til vanleg brukast av det offentlege på kart, skilt, i register m.m. saman med eventuelt norsk namn. Vedtak må gjerast samtidig for parallellnamn på norsk, samisk og kvensk.

*Offentlege organ og andre som er nemnde i første ledd, skal halde fram med å bruke dei skriftformene som er i bruk av det offentlege når lova blir sett i verk, til det eventuelt blir gjort endringsvedtak.*

§ 10 Klage (nå § 8)

Vedtak om skrivemåten kan påklagast av dei som etter § 6 første ledd bokstav a og b har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klageretten gjeld også vedtak gjorde av kommunar og fylkeskommunar. *Klagen skal grunngivast.* Vedtak gjorde av Kongen og Stortinget kan ikkje påklagast. For førebuinga av ei klagesak gjeld saksbehandlingsreglane i § 7 tilsvarande.

Klager på andre vedtak enn dei som er gjorde av eit departement, skal behandlast av ei klagenemnd oppnemnd av Kongen. I klagesaker av prinsipeill karakter kan klagenemnda gi Norsk språkråd, Sametinget og departementet høve til å uttale seg.

Departement som gjer vedtak om skrivemåte, har plikt til å ta saka opp til ny avgjerd etter klage.

Departementet skal i slike saker innhente tilråding frå klagenemnda.

Elles gjeld reglane i forvaltningslova kapittel VI.

§ 11. Stadnamnkonsulentar (nå § 9)

Departementet oppnemner stadnamnkonsulentar for norske og finske stadnamn. *Sametinget oppnemner stadnamnkonsulentar for samisk.*

Namnekonsulentane skal gi rettleiing og råd om skrivemåten av stadnamn.

§ 12. Stadnamnregister (nå § 10)

Det skal opprettast eit sentralt stadnamnregister.

Alle skriftformer som er endeleg fastsette, skal meldast til stadnamnregisteret av det organet som har gjort vedtaket.

Opplysningane i registeret er offentlege.

*For utskrifter eller kopier av informasjon frå registeret på, eller for online tilknytning til registeret kan det takast betaling.*

§ 13 Unntak (nå § 11)

Når særlege grunnar talar for det, kan departementet gjere unntak frå reglane i lova og forskrifta.

§ 14 (nå § 12)

Departementet kan gi forskrift til utfylling og gjennomføring av lova.